

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
v/ Ragnhild Stokker
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 19.9.2012

Tillegg til høyringsuttale om Rullestad

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) vil gjerne koma med tilleggsinformasjon om eit par moment i denne saka etter å ha vore med på synfaringa 5. september, som ikkje kom så klart fram i vår høyringsuttale tidlegare.

- (1) Sumverknader. Ordførar Sigve Sørheim i Etne har argumentert med at det alt er verna altfor mykje i Etne kommune, så no må det bli slutt på vern. Han vil difor ha full utbygging. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Hordaland, som NVH er ein del av, saman med Bergen Turlag og Hordaland Jeger- og Fiskeforening, meiner derimot at dersom vi ser utover Etne kommune og tek med heile regionen som omfattar Hardanger, Sunnhordland og Ryfylke, så er det ein så stor del av dei større vassdraga (>10 MW) som alt er utbygd eller tilrådd utbygd, at omsynet til samla belastning tilseier at ein del av det som er igjen, bør vernast frå utbygging. Rullestad er eit slikt vassdrag, og det var då og på tale å verna det for 20 år sidan, då Etnevassdraget med Langfossen kom med på verneplanen. Etter den tid er ein heil del nye vassdrag i regionen utbygd eller vedtatt utbygd, dei siste er Eikemovassdraget i Etne og Kvinnherad og Stølselva og Vassvikelva i Odda kommune, i tillegg ei lang rekkje småkraftverk.
- (2) Etter å ha synfart heile Rullestadvassdraget er vi blitt meir og meir klar over verneverdiane i Bordalen, og at det er litt ulike grunnar for vern i Dalelva og Bordalselva. I den sistnemte er det omsynet til naturmangfald og inngrepsfrie område, og kulturlandskapet rundt stølane, men i Dalelva er det både omsynet til kulturvern og naturbasert turisme i samband med Postvegen og den gamle bilvegen gjennom Rullestadjuvet, så vel som omsynet til dei mange fossesprøytonene nedover i juvet – som vi også har i Bordalsjuvet og Sagfossen. Vårt primære standpunkt om å gå mot heile utbygginga er difor blitt styrka i den grad dette gjeld Rullestad 2 og Bordalen 1-3. Naturvernforbundet Hordaland vil igjen understreka at fossesprøytoner er ein av naturtypene som er definert som truga i den nye Naturmangfaldlova frå 2009.

Vi ber om at desse synspunkta må bli teke omsyn til i den endelege tilrådinga, i tillegg til dei som blei sett fram i sjølve høyringsuttalen.

Venleg helsing
Oddvar Skre
for Naturvernforbundet Hordaland
oddvar@nmvskre.no

